



Surnadal Idrettslag

**Postboks 1
6656 Surnadal**

Protokoll frå Årsmøte i Surnadal IL 2016

Tid: 17. mars 2016 kl 19.00.
Stad: Klubbhuset Syltøran

Sak 01/16 Opning og konstituering

Ola Mogstad vart valt som møteleiar, og Øystein Hjelle Bondhus vart valt som sekretær. Einar Bergheim og Svein Dalen vart valt til å skrive under møteprotokollen. Alle vala var einstemmige.

Sak 7 og sak Sak 8 bytta plass på saklista, slik at ein veit kva grupper ein har før saka om organisasjonsplan skal behandlast.

Sak 02/16 Godkjenning av sakliste

Saklista vart godkjent slik den vart framlagt.

Det var 14 frammøtte. To av desse var ikkje medlemmar i SIL, men representantar frå Dykking og Frisbeegolf.

Sak 03/16 Årsmelding 2016

Årsmeldinga for SIL Hovudstyret og gruppene vart lagt ut på idrettslaget sine heimesider før møtet. Årsmeldinga for SIL Hovudstyret vart gjennomgått.

Årsmeldingane til gruppene vart gjennomgått med innspel for representantar for dei oppmøtte gruppene. Hovudpunkta vart trekt fram.

Kommentarar:

- Korreksjonar til hovedlaget si årsmelding:
- Medlemstal per 31.12.2015: 1002.
- Dagleg leiar si lønn er teke inn som eige avsnitt i årsmeldinga, i tillegg til å stå i note til rekneskapen.
- Handballgruppa sin cup var i 2015 for pårørendeforeninga på sjukeheimen, ikkje demensforeninga.

Vedtak: Årsmelding for SIL Hovudstyret og resten av gruppene vart samrøystes godkjente, med kommentarane til SIL Hovudstyret ovanfor.



Surnadal Idrettslag

Postboks 1
6656 Surnadal

Sak 04/16 Rekneskap 2015

Rekneskapen for hovudlaget og for dei enkelte gruppene vart lagt ut på idrettslaget sine heimesider før møtet. Rekneskapen for hovudlaget vart gjennomgått, i tillegg vart det gått gjennom resultatet for kvar enkelt gruppe. Revisorane si beretning for 2015 vart gjennomgått.

Kommentarar og spørsmål:

- Talet på leigeinntekter på anlegget på Syltøran er for lågt.
- Det positive årsresultatet er eit resultat av høg aktivitet.
- Fotballgruppa har mellom anna gjort ei investering på kr. 100.000,- i granulat til Amfi Park.
- Langrennsgruppa heiter ikkje Ski langrenn, men Langrenn.
- Alpingruppa heiter ikkje Ski Alpin, men Alpin.
- Styret vil ta tak i- og følgje opp dei sakene som kontrollkomiteen og revisor har peika på. Dette gjeld i hovudsak rutinar rundt bilagshandtering og –signering, samt om idrettslaget bør momsregistrere seg.
- Det vil vere formålstenleg å innføre kvartalsrekneskap i idrettslaget.
- Drifta viser eit rekneskapsmessig årsresultat på kr. 451.295,-. Laget har trygg økonomi. Laget sitt totale bankinnskott er kr. 2.537.154,-.

Vedtak: Rekneskapen for SIL Hovudstyret og for dei enkelte gruppene i laget vart godkjente.

Sak 05/15 Innkome saker

Ingen innkome saker

Sak 06/16 Endring av lovene for SIL

Norges Idrettsforbund har laga ny lovnorm, som skal gjelde for alle idrettslag. På møtet vart forslag til ny lov, basert på den nye lovnorma, med det som for SIL vert ny §15, lagt fram og gjennomgått.

Vedtak: Det framlagte lovforslaget, basert på den nye lovnorma til Norges Idrettsforbund, vart samrøystes vedteke.

Sak 07/16 Organisasjonsplan

Kommentarar:

- På punkt 1 ligg det i dette forslaget at det skal vere ein vidare prosess der vi skal jobbe for å fastsette mål og visjonar for SIL. Dette vil vere hovudfokuset for styret framover.
- Punkt 4.4 Revisor må gjerast om i tråd med dei nye lovene våre.
- Vi må sette inn kontrollkomité i staden for revisorar i organisasjonskartet.
- Vedlegg 3 – Revisorinstruks, må erstattast av instruks for kontrollkomiteen.



Surnadal Idrettslag

**Postboks 1
6656 Surnadal**

- Det skal jobbast med instruks og rutinar i året framover.
- Det må inn at styreinstruksen vart vedteke på styremøtet 3.3.16.

Vedtak: Organisasjonsplana for Surnadal IL er samrøystes vedteken.

Sak 08/16

a. Innmelding av SIL i NAIF

Det vart orientert om henvendinga frå Surnadal Frisbeegolfklubb, samt prosessen som førte til hovudstyret sitt forslag til vedtak. I denne prosessen vart idrettslaget oppmoda av idrettskretsen til å ta inn Frisbeegolf som ny gruppe i idrettslaget.

Det vart og orientert om idrettslaget sine rutiner angående sponsorarbeid og fordeling av tilskot.

Hovedstyrets forslag til vedtak: Surnadal Idrettslag melder seg inn i Norges Amerikanske Idretters Forbund.

Vedtak: Surnadal Idrettslag melder seg inn i Norges Amerikanske Idretters Forbund.

b. Innmelding av SIL i NDF

Det vart orientert om henvendinga frå Erik Erland Halle og Linda M. Øye, samt prosessen som førte til hovudstyret sitt forslag til vedtak. I denne prosessen vart idrettslaget oppmoda av idrettskretsen til å ta inn Dykking som ny gruppe i idrettslaget.

Det vart og orientert om idrettslaget sine rutiner angående sponsorarbeid og fordeling av tilskot.

Vedtak: Surnadal Idrettslag melder seg inn i Norges Dykkeforbund.

Sak 9/16 Medlemskontingent 2015

Saksframlegg:

Medlemskontingentsatsane vart ikkje auka på årsmøtet i 2015, då den einaste endringa var at det vart innført honnørmedlemskap. Det betyr at førre endring i prisane var i 2014. Med omsyn til generell prisvekst vil det vere formålstenleg å sørgje for ei gradvis auke i kontingentsatsane heller enn store byks med ujamne mellomrom.

Styret ønskjer å auke medlemsinntektene i 2016 ved å ha større fokus på å auke medlemstalet – og dermed utsette ei eventuell auke av satsane til tidlegast ved årsmøtet 2017.

Nytt av året er idrettsforbundet sin note til medlemskontingentsatsar – eit minstebeløp for medlemskap skal frå no av vere kr. 100,-. Dette gjeld og innanfor rabattordningar, som familiemedlemskap, som for vår del kostar kr. 500,-. Vi har få familiar som har



Surnadal Idrettslag

Postboks 1
6656 Surnadal

minst to voksne og fleire enn tre ungar inkludert i familiemedlemskapet sitt, og som dermed i praksis betalar under kr. 100,- per medlem.

Idrettslaget har fått klarsignal frå idrettskretsen til å behandle desse familieane manuelt, utan behov for endring i kontingentsatsane.

I den nye lova står det og at årsmøtet skal fastsette treningsavgift, eller gi gruppene mandat til å fastsette den sjølv.

Vedtak: Årsmøtet gir gruppene fullmakt til å fastsette si eiga treningsavgift.

Hovedstyret sitt forslag til vedtak:

Vaksne (f.o.m. 20 år) – kr. 250,-.
Barn/ungdom (t.o.m. 19 år)/honnør – kr. 150,-.
Familiemedlemskap – kr. 500,-

Vedtak: Hovudstyret sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Sak 10/16 Budsjett 2016

Budsjetta for dei enkelte gruppene og for hovudlaget vart lagt ut på idrettslaget sine heimesider før møtet. SIL Hovudlaget sitt budsjett vart gjennomgått. Dei andre

Kommentarar:

- Feil i budsjettet til fotball – det skal vere budsjettert med kr. 45.000,- i inntekt lokaler.
 - Langrenn og Trim, som har budsjettert med minus, grunngeve dette med at dei i samarbeid har gått til innkjøp av ny snøscooter. Begge gruppene har egenkapital som meir enn dekkjer inn det budsjetterte underskotet.
 - Dei to nye gruppene, frisbeegolf og dykking, må levere budsjett.
- Det vil vere naturleg at dei nye gruppene får eige prosjektnr under hovudstyret.

Vedtak: Budsjetta for 2016 er vedtekne, med merknaden over.

Sak 11/16 Val

Valnemnda har bestått av Linda Aasbø Kvande, Merete Mogstad, Grethe Vattøy og 1. vara Bjørn Gjeldnes. Valnemnda har hatt to møter i perioden februar-mars.

Valnemnda si innstilling vart gjennomgått.

Vala vart gjennomførte slik:

Hovudstyre:

Leiar: Ola Mogstad, på val 2017 (Attval)

Nestleiar: Vidar Ulvestad, på val 2017 (Ikkje på val)

Styremedlem: Svein Dalen, på val 2018 (Attval)

1.vara: Ingvild Kårvatn, på val 2017 (Attval)



Surnadal Idrettslag

Postboks 1
6656 Surnadal

2.vara: Leiv Bæverfjord, på val 2017 (Attval)

5 gruppeleiarar

Kontrollkomité

Medlem: Talke Raness, på val 2018 (NY)

Medlem: Rolv Lysø, på val 2017 (NY)

1. vara: Ellbjørg Haugen Larsen, på val 2017 (NY)

Valnemnd:

Leiar: Merete Mogstad, på val 2017 (Ikkje på val)

Grethe Vattøy, på val 2018 (Ikkje på val)

Bjørn Gjeldnes, på val 2019 (NY)

1. vara: Ella Bolme, på val 2017 (NY)

2. vara: Anders Bolme, på val 2017 (NY)

Representasjon til ting der idrettslaget har representasjonsrett (Punkt C):

Årsmøtet gjev styret fullmakt til å velje personar til å representere idrettslaget på møter og ting.

Revisor

Årsmøtet gjev styret fullmakt til å engasjere revisor.

Alle val og fullmaktsdelegeringar var einstemmige.

Surnadal 17.3.2016

Øystein Hjelle Bondhus
Referent

(Svein Dalen)

(Einar Bergheim)